



Årsrapport 2023

Helsefellesskap Møre og Romsdal

ETABLERT 2021



Foto : Kristianne Opsal Marøy

Innhold

INNLEIING	2
HELSEFELLESSKAP	3
PARTNERSKAPSMØTE / UTVIDA SAMARBEIDSMØTE	4
Partnerskapsmøte	4
Utvida samarbeidsmøte	4
STRATEGISK SAMARBEIDSUTVAL	5
FELLES HANDLINGSPLAN	6
LOKALE SAMARBEIDSUTVAL (LSU)	7
LSU Ålesund	7
LSU Molde	8
LSU Kristiansund	8
LSU Volda	9
FAGLEGE SAMARBEIDSUTVAL	9
SAMARBEIDSSEKRATERIAT	10
AVVIK OG FORBETRINGSARBEID	11
Uønskete hendinger i samarbeidet mellom HMR og kommunane	11
Hyppigaste melde avvik frå kommune til helseføretak i 2023 er:	12
Hyppigaste melde avvik frå helseføretak til kommune i 2023 er:	12
Eksempel på forbetningsarbeid	12
ARBEID MED REVISJON AV SAMARBEIDSAVTALEN	13
TVISTESAKER	13
UTVIKLING OG BEREKRAFT	13
ØKONOMI - Ressursinnsats	14

INNLEIING

Helsefellesskapa har som mål å styrke samarbeidet mellom kommunar og tilhøyrande helseføretak, slik at pasientane skal oppleve gode og samanhengande pasientforløp mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta. I oppdraget skal samarbeidet særleg rette seg mot fire særleg utsette grupper pasientar; barn og unge, psykisk sjuke, multisjuke og skrøpelege eldre.

Helsefellesskapet er samansett av ulike nettverk mellom samarbeidspartane, både på toppleiarnivå og mellom fagutøvarar. Nettverka har og fast representasjon frå brukarane og fastlegetenesta som vert opplevd som positivt for val av retning og fokus i samarbeidet.

Det er ei forventning om at Helsefellesskapa skal bygge på ein tydeleg samarbeidsstruktur og føre til forpliktande avgjerdsprosessar og tettare samarbeid mellom partnerane, som eit verkemiddel for ein meir heilskapleg nasjonal helsepolitikk.

Ulike hendingar siste åra som har påverka rammevilkår og naudsynte krisetiltak, t.d pandemi, krigshandlingar nært oss eller redningsaksjonen med MS Viking Sky, har vist av helseføretaket og kommunane fann saman og etablerte eit konstruktivt samarbeid for å løyse utfordringane og vareta samfunnsoppdraget.

Samhandling føreset at oppgåve- og ansvarsdeling er klart for partane. Likevel vil nokre utfordringar vere felles. Tiltakingane frå Helsepersonellkommissjonen (NOU 2023: 4, Tid for handling) viser m.a at vi må finne berekraftige løysingar for bemanningsutfordringane, og at vi erkjenner at det er grenser for vekst. Digitalisering vil vere blant løysingane. Samarbeidsprosjektet «Helseplattformen», er det største samhandlingsprosjektet som for tida er under innføring i landet. Innføringa synest å ha gått lettare i kommunane enn ved det største universitetssjukehuset i regionen. Så langt ligg det ikkje føre ei fullgod løysing for fastlegane. Pasientane har i hovudsak tatt godt imot løysinga, «Helsa mi». Kva tid gevinstane frå «Helseplattformen» som løysing for «En innbygger- en journal» blir realisert, er førebels usikkert, men framleis gjeld plan A om at løysinga skal føre til at alt helsepersonell og alle pasientar skal knytast tettare saman, til beste for pasienten.


Både helseføretaket og kommunane har utfordringar med å finansiere og dimensjonere tenestene sine. Helsefellesskapet som arena for konsensus om samarbeid og oppgåvedeling har sine avgrensingar, når styrings- og finansieringsmodellane er ulike.

Ideen om at helseføretaket og kommunane i fellesskap saman har ansvar for pasientane gjennom modellen med helsefellesskap, har ført partane nærare saman gjennom ein forpliktande samarbeidsstruktur. Dialogen har bygd på gode forsett som vi ser fleire konkrete resultat av. Bidragsytarar fra kommune, helseføretak, brukarrepresentantar og fastlegar fortener stor takk for sin medverknad og innsats.

Les meir på nettsida til [Helsefellesskap Møre og Romsdal](#).

HELSEFELLESSKAP


Som ledd i oppfølginga av Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023 gjorde Regjeringa Solberg avtale med KS om å opprette 19 helsefellesskap med og rundt helseføretaka i Norge. Helsefellesskapa har som mål å styrke samarbeidet mellom kommunar og tilhøyrande helseføretak, slik at pasientane skal oppleve gode og samanhengande pasientforløp mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta.



Illustrasjonane er henta frå «Nasjonal helse og sykehusplan 2020–2023» og Styringsinformasjon til helsefellesskapene (Hdir)

I føringane om ein forpliktande struktur på samhandlginga mellom aktørane i helsevesenet vart det og peika på 4 pasientgrupper som skulle prioriterast: barn og unge, alvorleg psykisk sjuke, skjøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidingar. Oppdraget til begge helsenivåa er å nytte helsefellesskapet som verktøy for å nå dei nasjonale målsettingane vist til over.

I Møre og Romsdal har ein i tråd med gjeldande samarbeidsavtale, vald slik organisasjonsstruktur:



PARTNERSKAPSMØTE / UTVIDA SAMARBEIDSMØTE

I tråd med samarbeidsavtalen vart det gjennomført 2 møter – Partnerskapsmøte 10/5-2023 og Utvida samarbeidsmøte 14/11-2023. I Partnerskapsmøtet deltek valde representantar etter bestemmingane i samarbeidsavtalen, medan det i Utvida samarbeidsmøte vert opna for ei breiare deltaking frå politisk-, fagleg- og administrativt nivå.

Kommunedirektør Per Sverre Ersvik(Hustadvika kommune) er vald som leiar og May Helen Molvær Grimstad(HMR HF) som nestleiar for inneverande periode(2020 -2023).

PARTNERSKAPSMØTE

«Formålet med Partnerskapsmøtet er å vere møteplass for å utvikle helsetjenesten til det beste for befolkningen i Møre og Romsdal, herunder å informere om utfordringer, skape en felles forståelse og forankre strategi for å løse felles utfordringer», jf. revidert mandat 2022.

Frå Partnerskapsmøte 10/5-2023 i Ålesund var Petter Øgar invitert til å innleie om vesentlege funn frå NOU 4:23 «Blink eller bom frå helsepersonellkommissjonen». Etter eit engasjerande innlegg vart deltakarane utfordra til dialog både i grupper og i plenum. Både kommunar og helseføretaket vil i framtida verte utfordra på rekruttering og kamp om tilgjengeleg arbeidskraft.

Demografiske endringar, forventningar til leveranse av helsetenester, politiske lovnader, evidensbasert kunnskap og avstemming mellom helsenivåa om oppgåvefordeling var også moment som vart løfta fram i dialogen.

Både helseføretaket v/konst. AD i HMR Heidi Nilsen og Verner Larsen, KD Ulstein, presenterte utfordringsbiletet ein står i med utgangspunkt i tilgjengelege rammer og leveranse av tenester til innbyggjarane. Ei felles utfordring som frå begge nivåa vart løfta fram som særst utfordrande var psykiatritilbodet i Møre og Romsdal.

Pandemien som ligg bak har aktualisert fokus på tiltak og omstilling i periodar med forventa låg aktivitet, t.d. under høgtider og ferie. Thilde Svela, fastlege i Molde innleia på dette temaet før Per Sverre Ersvik, KD Hustad kommune leia deltakarane gjennom dialog i grupper før plenumsgjennomgang. Potensiale for betre utnytting av ressursar er mogleg. Samarbeid mellom helsenivåa som sikrar rett pasient på rett stad til rett tid, har gitt resultat og ein ser positive endringar med tanke på tal utskrivingsklare pasientar. God dialog og ulike samhandlingsprosjekt vart løfta fram som strategiske drivarar for å få til løysingar som begge helsenivåa er avhengig av.

Som eksempel på eit par gode utviklingsprosjekt vart PSHT Ålesund og Digitalt heimesjukehus ved Neonatal intensiv presentert.

Meir detaljer er tilgjengeleg i referat frå partnerskapsmøtet.

UTVIDA SAMARBEIDSMØTE

Utvida samarbeidsmøte 14/11-2023 vart arrangert i Ålesund. Konferansen var lagt opp med samling rundt småbord for gruppesamtalar og oppsummeringar med drøfting i plenum. Møteforma vart vald etter ynskje frå samarbeidsmøtet året før. Tilbakemeldingane etter samlinga som gjaldt møteform var god.

Hovudtema på utvida samarbeidsmøte:

- ❖ *Gir kunnskap eller pengar ny helsepolitikk?*
Magne Lerø, redaktør og samfunnsdebattant, innleia til diskusjon.
- ❖ Samhandling om pasientar med alvorleg psykisk sjukdom og valdsproblematikk/sikkerheitspsykiatri.
- ❖ 4 perspektiv på Helseplattformen med spesielt blikk på samhandlingspotensialet – kommunen, helseføretaket, fastlegane og innbyggjarane.

STRATEGISK SAMARBEIDSUTVAL

Formål til SSU, rev. 2022. «*Strategisk samarbeidsutvalg skal behandle saker som gjelder hele fylket, eller som kan få konsekvenser for flere deler av fylket.*»

Strategisk samarbeidsutval er på fleire måtar knutepunktet for å operasjonalisere målsettingar og tiltak i helsefellesskapet. Fagleg leiing på begge nivå møtast her for å ta stilling til handlingsplanar og retningslinjer som underutval har utarbeidd. Gjennom representasjon av leiar og nestleiar i dei 4 lokale samarbeidsutvala, er utvalet sikra representasjon frå alle delar av fylket. I tillegg møter fast to brukarrepresentantar og samhandlingslege (praksiskonsulent). Utvalet har invitert innleiarar til presentasjon av saker som har vore utarbeidd av andre instansar eller utval.

Det er gjennomført 5 møter i 2023, av desse er 3 møter via Teams og to fysiske møte. Rådgjevar ved Volda sjukehus, Mona Ryste, har vore leiar i utvalet. Tanja Thalèn, kommunalsjef Molde kommune, har vore nestleiar.

Det har vore handsama totalt 34 saker.

Etter at dei fleste handlingsplanane frå dei faglege samarbeidsutvala vart behandla i førre år, har SSU dette året hatt høve til konsentrere seg i større grad om konkrete saker som gjeld samhandling i Møre og Romsdal.

Prioriterte større saker som har vore til handsaming i 2023:

- Tidleg på året etablerte leiarane for SSU og felles samarbeidssekretariat rutine for planlegging av SSU-møta for å styrke rolla til leiinga av SSU med å sette agenda for møte og kva saker som skulle behandlast i utvalet.
- SSU har vore opptekne av om det er dei rette sakene som vert løfta fram i helsefellesskapet. For å gje betre høve for underutval å melde aktuelle saker, har SSU fått utarbeidd eigne rutine for innmelding av saker til utvalet.
- Fokuset på arbeid med handlingsplanane løyste ut behov for å gjere grep som kunne gje betre oversikt og høve til ei samla oppfølging av prioriterte tiltak frå dei faglege samarbeidsutvala. Arbeid med felles handlingsplan vart difor starta opp etter modell frå helsefellesskap i Nord-Trøndelag.
- Oppstart og oppfølging av revisjonsarbeidet med ny samarbeidsavtale. Forhandlingsutvalet har følgd oppsett plan for gjennomgang av revisjonsarbeidet som skal vere ferdig tidleg haust 2024.
- Gjennomgang av årsrapport med oppsummeringar av aktivitet i ulike utval i helsefellesskapet inkludert samhandlingsavvik mellom helsenivåa.

- Innføring av helseplattforma i enkelte kommunar og plan for innføring i sjukehus, har hatt stort fokus grunna uro rundt løysingane, særleg retta mot legemodul og manglande meldingsoverføringar.
- IKT-løysingar og samarbeid om digitalisering av helsetenestene går fort. Dette er ei ønska utvikling, er utfordrande å ha oversikt på og styre, og krev difor ekstra merksemd frå alle med ansvar for tenestetilboda på begge nivå.
- Utfordringane rundt tilbod til dei mest alvorleg psykisk sjuke inkl. sikkerheitspsykiatrien har vore tema gjennom året på ulike samlingar. Kostnadsbiletet, uavklara ansvarsforhold og juridiske gråsoner gjer dette fagområdet særleg utfordrande å samhandle om.

SSU har ikkje handsama tvistesaker i 2023, men det er meldt fleire tvistesaker til nasjonal tvisteløysingsnemnd som gjeld betalingskrav for utskrivingsklare pasientar.

Ei av sakene har vore av prinsipiell karakter rundt tolking av samarbeidsavtalen, medan andre saker har vore knytt til betalingskrav ved utskriving frå psykisk helsevern.

FELLES HANDLINGSPLAN

Handlingsplanane for dei faglege samarbeidsutvala som vart godkjende i SSU i 2022 og 2023, har vore retningsgivande for aktivitetane i 2023. Tiltaka i handlingsplanane er no samla i felles handlingsplan for helsefellesskapet, og vert behandla samla i SSU.

Modell for oppsett og rapportering på at mål for tiltak vert nådd i felles handlingsplan, vert vist med fargekoding, ikkje starta, under arbeid og fullført.

Faglege samarbeidsutval	Kvar vil vi? Hovudmål	Kvar vil vi? Delmål	Korleis skal vi få det til? Tiltak	2022	2023	2024
-------------------------	-----------------------	---------------------	------------------------------------	------	------	------

Tiltaka i handlingsplanane er omfangsrike og det er ikkje gjort prioriteringar mellom desse. Dette vert vurdert som naudsynt om ein gjennom helsefellesskapet skal make ha god oversikt og kunne vise kva samhandlingstiltak som skal satsast særskilt på. Pasientforløp for dei 4 nasjonalt prioriterte pasientgruppene skal vektleggast.

Det vil vere behov for å styrkje fokus på systematisk forbetningsarbeid i pasientforløpa, her under målbare resultat/effekt.

Fleire av dei faglege samarbeidsutvala har overlappande oppgåver og ansvar, eller tiltak som grip inn i andre sine fagområde. Gjennom evaluering av eigen funksjon til dei faglege samarbeidsutvala, er det ei klar erkjening av dette.

Felles handlingsplan ligg som vedlegg 4 til årsrapporten.


LOKALE SAMARBEIDSUTVAL (LSU)

I helsefellesskapet for Møre og Romsdal er det per i dag fire lokale samarbeidsutval (LSU), knytt opp mot dei fire sjukehusa til Helse Møre og Romsdal HF.

Dei fire LSU'ane bidreg til å styrkje fokuset på samarbeid mellom sjukehusa og tilhøyrande kommunar.

Årsmeldingane frå dei lokale samarbeidsutvala ligg som samla «vedlegg 2» til årsrapporten.

LSU ÅLESUND



Leiar og nestleiar


Synnøve Vasstrand Synnes, kommunalsjef Ålesund komm.
Jørn Åge Longva, avdelingssjef med avd Ålesund sjukehus

Møteaktivitet

5 møter, av desse 3 fysiske inkl. 1 fellesmøte med LSU Volda.

Prioriterte saker	<p>Samarbeid gjennom dialog og planlegging for utvikling av</p> <ul style="list-style-type: none"> - Pasientforløp ved demensutvikling, alderspsykiatri og sikkerhetspsykiatri - OU-prosessen ved AIO utbygging ved Ålesund sjukehus - Utviklingsplanen for Klinikk psykisk helse og rus i HMR HF - Kommunale strategiar for pasientforløp og prioriteringar.
Samhandlingsresultat	Auka kjennskap til kvarandre sine planar og arbeidsprosessar på spesielt kritiske område innan nokre pasientforløp, særleg innan psykisk helse og i høve kognitiv svikt.
Vidareføring i 2024	<p>Styrke dialog rund pasientforløpa og med FSU'ane, t.d for personar med utviklingshemming med behov for habilitering og samhandling om ambulerande team.</p> <p>Følgje opp funn frå samhandlingsavvik og forbetring av epikriseprosessen.</p> <p>Utvikle tettare samarbeid med LSU Volda gjennom fleire møte.</p> <p>Oppfølging av oppdrag frå SSU om bruk av digitale konsultasjonar.</p>

LSU MOLDE



Leiar og nestleiar


Tanja Thalén, kommunalsjef Molde kommune
Trude Solenes, kvalitetsrådgiver Klinikkk SNR

Møteaktivitet

7 møter, av desse 1 felles med LSU Kr.sund.

<p>Prioriterte saker</p>	<p>Samarbeidsvisjon «Frå ord til handling» Samarbeid om å rekruttere, behalde og utvikle kompetanse. Prosjekt frå floskel til handling. Gi skrøpelege eldre høve til meir heimetid m.a ved bruk av førehandssamtaler og palliativ plan. Auke talet på uteksaminerte sjuke- og vernepleiarar frå HiMolde. Redusere tal utskrivingsklare pasientar. Kartlegging av årsaker til høgt kostnadsnivå innan pleie og omsorg i kommunane.</p>
---------------------------------	---

LSU KRISTIANSUND



Leiar og nestleiar


Ingeborg Johnsrud Dyrnes, kommunalsjef Smøla kommune
og Gudrun J Karlsen, prosjektleder DMS Kr.sund frå aug.
Kjell Å Bryn, seksjonsleiar BUP poliklinikk Kr.sund sj.h. og
Geir Nilsen, enhetsleder helse og familie frå aug.

Møteaktivitet

6 møter, av desse 4 på teams og 1 felles med LSU Molde

<p>Prioriterte saker</p>	<p>Oppfølging av «Barn og unges helsetjeneste» Oppfølging av prosjekt «Involvering av pårørende» Samhandlingsavvik</p>
<p>Samhandlingsresultat</p>	<p>Oppstart av dialogbasert inntak av felles pasientar BUP/kommunale tenester frå sept. (gul) Manglande implementering på begge nivå i prosjekt «involvering av pårørende», gjer at samarbeidet med pårørende går som før (rød) Kartlegging av felles samhandlingsutfordringar mellom LSU Kr.sund og LSU Molde (gul)</p>
<p>Vidareføring av tiltak 2024</p>	<p>Fokus på etablering av struktur på felles LSU SNR. Digital samhandling. Akutt 24 (hurtigsykehus) samhandlingskonsekvenser.</p>

LSU VOLDA



Leiar og nestleiar

Ottar Røyset, kommunalsjef Hareid kommune.
Mona Ryste, rådgjevar Klinikk Volda sjukehus og
Siv Jensen, rådgjevar klinikk Volda frå des-23

Møteaktivitet

5 møter, 1 teamsmøte og 1 felles møte med LSU Ålesund.

Prioriterte saker	Fokus på forbetningsarbeid og samhandlingsstrategi, ma gjennom fagdagar og felles hospiteringsordning. Medverke til etablering av desentralisert verne- og sjukepleiarutdanning i Volda. Psykiatritilbodet på Sunnmøre
Samhandlingsresultat	HiVolda satsar på etablering av desentralisert utdanning for verne- og sjukepleiarar. God samhandling gjennom felles fagdagar, open dialog og støtte til kvarandre på rutinar rundt utskrivingsklare pasientar med få overliggardøgn. Samarbeid om rekruttering til LISi stillingar for rekruttering til både sjukehuset i Volda og kommunale legestillingar på søre Sunnmøre.
Vidareføring av tiltak 2024	Velferdsteknologi – Digital heimeoppfølging. Gjensidig hospiteringsordning. Forbetningsarbeid i praksis – tett på !

FAGLEGE SAMARBEIDSUTVAL

Faglege samarbeidsutval utgjer den faglege kjernen i helsefellesskapet og arbeider med rutinar og samarbeidsprosjekt som kan fremje gode pasientforløp i det daglege samspelet mellom sjukehus, kommunar, fastlegar og anna helsepersonell.

Nedanfor er dei einskilde utvala kort presentert. Det er innhenta rapport frå utvala for hjelp til presentasjon i årsmelding. Der dette manglar er det teke med stikkord frå tiltak i handlingsplan til det aktuelle faglege samarbeidsutvalet. Innsende rapportar frå FSU'ane er vedlagt årsrapporten.

Fagleg samarbeidsutval for:	Leiar og nestleiar	Møteaktivitet	Godkjend handlingsplan
Barn og unge (habilitering, somatikk og psykisk helsevern)	Jenny Raftevold Lyngstad (HMR) Lene Solheim (Ålesund)	5 (3)	26.01.2022
Behandlersamarbeid	Stian Endresen (PK/Ulstein) Mariann H Gammelsæter (HMR)	5 (4)	16.11.2022
Psykisk helsevern og rus	Line Lingen (HMR) Anders Høe (Hustadvikar)		26.01.2022

Fagleg samarbeidsutval for:	Leiar og nestleiar	Møte-aktivitet	Godkjend handlingsplan
Multisyke, «stormottkere» og palliasjon	Tanja Alme (Sula) Bardo Driller (HMR)	(3)	26.01.2022
Rehabilitering	Eirin Liadal (HMR) Runa Bakke (Ørsta)	(4)	27.04.2022
Voksenhabilitering	Ina Killingsrød Greve (Vestnes) Torhild Hjelseth (HMR)		14.09.2022
Kunnskapsoverføring, forskning og utdanning samt praksiskonsulentordningen	Bodil Haugen Våge (Ålesund) Ole Lorvik (HMR)	4 (2)	14.06.2023
Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg	Elin Hansen Ytterbø (HMR) Elisabeth H Sogge (Molde)		16.11.2022
IKT-løsinger og elektronisk samarbeid	Odd Arne Maridal (HMR) Ann Kristin Røyset (Ålesund)	4 (3)	16.11.2022
Samarbeid om helsefremmende og forebyggende helsearbeid	Merete Kløvning (Ålesund) Eli-Bente Langva (HMR)	7 (5)	14.09.2022
Beredskapsplaner	Hans Olav Ose (HMR) Vidar Tolås (Ålesund)	5	27.04.2022
Akuttmedisinsk kjede	Erlend Bae (Volda) Knut Erik Skogheim (HMR)	3 (2)	26.01.2022

Årsmeldingane frå dei fagelege samarbeidsutvala ligg som «vedlegg 3» til årsrapporten.

SAMARBEIDSSEKRATERIAT

Samhandlingssjef HMR HF Eli Klara Otterlei har vore leiar frå 2021. Etter første halvår 2023 vart det avtala at kommunane skulle overta. Bodil Haugen Våge, rådgjevar Helse i Ålesund kommune overtok frå 1. juli 2023.

Samarbeidssekretariatet er samansett av tilsette frå både helseføretaket og kommunane, utan at det er fastsett ein fast ressursinnsats frå partane. Frå helseføretaket har funksjonen vorte vareteke av 2 tilsette, medan det frå kommunesida har vore ein frå kvar av sjukehusområda, til saman 4 tilsette. Romsdalsregionen har i 2023 ikkje hatt representant i fellesekretariatet.

Samarbeidssekretariatet deltek m.a i det regionale nettverket i Midt-Norge og er representert i det nasjonale nettverket for Helsefelleskap i regi av Helsedirektoratet.

Sekretariatet har hatt 20 møter på Teams i 2023 a 2,5 timar og eit fysisk dagsmøte, og har i tillegg delteke i alle møter i SSU og Partnerskapsmøte.

Sekretariatet har:

- På oppdrag frå SSU, utforma årsmeldinga for 2022 inkludert vedlagt rapport om samhandlingsavvik.
- I samarbeid med leiarar og nestleiarar i SSU og i Partnerskapsmøte planlagt og gjennomført møta der, i tillegg til Utvida samarbeidsmøte 14.11.23. Dette inneber utførande oppgåver som å føre saksdokument, referat og rapportering i pennen/møterom/ innkalling/ referat/ dialog/ saksførebuing/oppfølging av vedtak/nettside osv.
- Fasilitert ei evaluering av arbeidet i dei ulike utvala i samarbeidsstrukturen.
- Deltek i arbeidsgruppa for Felles handlingsplan Helsefelleskap Møre og Romsdal.
- I arbeidet med ny samarbeidsavtale, avstått med sekretærressursar til Forhandlingsutvalet.
- Delteke i arbeidsgruppe Pakkeforløp heim for pasientar med kreft.

AVVIK OG FORBETRINGSARBEID

Uønskte hendingar i samarbeidet mellom HMR og kommunane

Samarbeid mellom HMR og kommunane skal i tråd med avtale om helsefelleskap bidra til betre samanheng og berekraftig helse- og omsorgsteneste til pasientar som treng tenester frå både spesialisthelsetenesta og kommunal helse- og omsorgsteneste. Løysingar for dette er konkretisert i samarbeidsavtalen og eit viktig mål er at pasienten skal oppleve at tenestene er trygge og fagleg forsvarlege. Dersom ein opplever svikt i samarbeidet kor det som er avtalt ikkje blir følgt, ligg det føre ei uønskt hending (samhandlingsavvik).

Digitalt skjema for samhandlingsavvik blei tatt i bruk i 2020 og seinare blitt vidareutvikla. Altinn-løysinga som er valt er knytt opp mot arkivsystemet i helseføretaket. Arbeidet med årsrapportar for samhandlingsavvik medfører framleis mykje manuelt arbeid. Det er eit mål å utvikle arbeidsflater som til ei kvar tid syner tal på samhandlingsavvik og kva typar avvik som oftast oppstår. Gode løysingar på dette er førebels ikkje på plass og det er førebels berre helseføretaket som gjennom sitt kvalitetssystem som kan ta ut rapport for vidare oppfølging.

Helseføretaket har gode system for oppfølging av melde samhandlingsavvik. I kommunane varierer det i større grad korleis innkomne avvik vert behandla og følgt opp. I helsefelleskapet har ein m.a som mål å utvikle gode pasientforløp. Forbetringsarbeid gjennom oppfølging av samhandlingsavvik kan vere eit godt reiskap for dette. Her har dei lokale samarbeidsutvala og faglege samarbeidsutval fått eit særleg ansvar.

Nedanfor ser de utvikling av tal melde avvik frå 2019-2023. I tabellrad «Frå HMR» er med tal avvik meld til kommune, men og til andre eksterne samarbeidspartar.

Statistikken viser ein nedgang i melde avvik ved overgang til digitalt skjema i 2020-2021, men talet har gradvis auka etter dette.

ID (Antal) / År	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Frå kommune	530	378	166	251	370	1695
Frå HMR	129	129	161	147	201	767
SUM	659	507	327	398	571	2462

Det er registrert totalt 571 samhandlingsavvik mellom HMR og kommunane i Møre og Romsdal i 2023. 370 avvik er meldt frå kommune til helseføretak og 201 avvik er meldt frå helseføretak til kommune eller annan instans. Trass i at vi ser ei auking, er talet på melde samhandlingsavvik lågt sett ut frå tal pasientar som var innlagd i helseføretaket og som hadde kommunale tenester i 2023.

Det var registrert 15972 epikriser på innlagde pasientar med kommunale tenester i 2023. Med 571 melde samhandlingsavvik utgjer dette ca. 3,6 %, og ikkje alle avvika er knytt til hendingar om brot på tilhøve i samarbeidsavtalen.

HYPPIGASTE MELDE AVVIK FRÅ KOMMUNE TIL HELSEFØRETAK I 2023 ER:

1. Manglande epikrise ved utskriving (71 avvik)
2. Helseføretaket ikkje har meldt meld pasienten utskrivingsklar (23 avvik)
3. Helseføretaket har ikkje sendt melding om pasienten sitt antekne funksjonsnivå seinast 24 timar før utskriving (14 avvik)
4. Helseføretaket har ikkje sendt med pasient nødvendige legemidlar og utstyr fram til første virkedag etter utskriving (14 avvik)

HYPPIGASTE MELDE AVVIK FRÅ HELSEFØRETAK TIL KOMMUNE I 2023 ER:

1. Kommunen ikkje har sendt oppdaterte sjukepleiaropplysningar (4 avvik)
2. Ikkje gitt beskjed om at dei kan ta imot pasienten innan 3 timar (2 avvik)
3. Ikkje forberedt og satt i verk nødvendige tiltak for å kunne ta imot pasienten (2 avvik)

Systematisk forbetningsarbeid i helsefellesskapet er ei prioritert oppgåve. Ein må erkjenne at etablert system for melding av avvik ikkje gir samarbeidspartane fortløpande tilgang til data og oppsummeringar som kunne vorte nytta i samhandlingsarbeidet. Dette er truleg ei av årsakene til at fokus på forbetningsarbeid med bakgrunn i registrerte avvik aleine, har fått for lite merksemd. Møteplassar for felles gjennomgang av samhandlingsavvik og drøfting av konkrete forbetringstiltak bør styrkast. Ein god meldekultur og enkle registreringsløyseringar bør prioriterast.

Samla rapport for melde avvik ligg som «vedlegg 1» til årsrapporten

EKSEMPEL PÅ FORBETRINGSARBEID

Helseføretaket har i sitt interne forbetningsarbeid nokre år nytta «Råbra» som metode for å gje gode tilbakemeldingar til kvarandre. Råbra er ein god måte å rette merksemd mot det som fungerer bra og når nokon har lykkast med tiltak og engasjement på eigen arbeidsplass.

Det vert og registrert at samarbeidspartane i helsefellesskapet sporadisk også har gitt kvarandre eit råbra-kort, for å synleggjere at ein set pris på godt samarbeid eller det er oppnådd gode resultat som er viktig for god pasientbehandling eller dei gode pasientforløpa.

Ei breidding av råbra-metoden til kommunane og i helsefellesskapet bør heiast fram. Fokus på positive avvik og spreiding av eksempel på «beste practice» eller «mønsterpraksis», er også strategisk gode måtar å jobbe med forbetningsarbeid på. Dei lokale- og faglege samarbeidsutvala er eigna arenaer for å synleggjere slike eksempel.

ARBEID MED REVISJON AV SAMARBEIDSAVTALEN

SSU starta planlegging av revisjonsarbeidet hausten 2022 med plan for oppstart av arbeidet vinteren 2023. Samarbeidsavtalen regulerer samansetting av forhandlingsutval mellom partane. Forhandlingsutvalet har i 2023 hatt tre fysiske samlingar over to dagar og 6 andre møte, hovudsakleg på teams. Som grunnlag for arbeidet har alle utvala fått høve til å sende inn ei eignevaluering av eigen funksjon i helsefelleskapet.

Forhandlingsutvalet har invitert dei faglege samarbeidsutvala som har hatt delavtale knytt til sitt oppdrag, om å gå gjennom sin delavtale og kome med framlegg til forhandlingsutvalet om forslag til ev. endringar.

Stian Endresen, samhandlingslege og fastlege i Ulstein har vore leiar i forhandlingsutvalet. I tillegg til 4 repr. frå kvar av partane, har utvalet hatt med brukarrepresentantar og repr. frå KS. Kvar av partane har og hatt med sekretærressurs i arbeidet.

Ny samarbeidsavtale får, etter vedtak i SSU, språkdrakt på nynorsk. Det har vore krevjande å sikre eit godt språk der ein har sett det tenleg å vidareføre meiningsinnhald frå gjeldande avtale.

Forhandlingsutvalet har følgd vedteken framdriftsplan og skal etter planen sende forslag til ny samarbeidsavtale på høyring våren 2024. Det er kommunestyra i kvart kommune i Møre og Romsdal og styret for Helse Møre og Romsdal HF som er avtalepartar. Ny samarbeidsavtale skal gjelde frå 01.01.2025.

TVISTESAKER

I 2023 har tre tvistesaker vorte sendt inn til Nasjonal tvisteløysingsnemnd for helse- og omsorg. To av sakene har vore knytt til betaling ved overføring av pasient dømt til psykisk helsevern i to ulike kommunar. Den tredje saka handla om usemje om korleis samarbeidsavtalen skal forståast med tanke på betaling for utskrivingsklare pasientar i høve tidlegare avtale og praksis om 24-timersvarsel. I alle tre sakene har Helse Møre og Romsdal fått medhald. Avgjerdene frå tvisteløysingsnemnda har rådgjevande verknad for partane, men det har vore vanleg praksis at partane har innretta seg etter dei avgjerdene som tvisteløysingsnemnda har kome med.

UTVIKLING OG BEREKRAFT

Møteplassane i helsefelleskapet er orientert mot utvikling og forbetring. Dette kjem fram gjennom valde utviklingstiltak for utvalde pasientforløp. Samstundes føreset ein å vareta bærekraftperspektiv for økonomi og miljø.

Det mest inngripande utviklingsprosjektet i Midt-Norge i 2023 har vore innføring av pasientjournalssystemet Helseplattformen (HP). Endringane vert opplevd som radikale og begeistring for løysinga har gått hand i hand med stor skepsis og motstand grunna uheldige bruksulemper og risikoforhold i løysinga. For kommunane har likevel innføringsutfordringane vore innanfor det ein kunne forvente, men fastlegane har ikkje ynskt å binde seg til HP før fastlegemodulen vert forbetra. Dei store gevinstane med HP føreset at dei fleste som samarbeider om pasientbehandling, er saman om å bruke løysinga.

Byane og enkelte andre kommunar tok i bruk HP hausten 2023. Etter innføringsplanen skal helseføretaket i Møre og Romsdal innføre HP våren 2024, men frå fleire faggrupper vert det krevd utsetting grunna risiko for at pasienttryggleiken kan vere trua.

På nasjonalt nivå er det grunn til å omtale nokre offentlege utredningar som helseministeren la fram i 2023. Her må nemnast:

- NOU 2023: 4 *Tid for handling*
- Folkehelsemeldingen
- NOU 2023:8 *Felleskapets sykehus*

I disse utredningane vert m.a omtala utfordringane med redusert tilgang på arbeidskraft i åra framover, sosial forskjell som årsak til ulik helse hos ulike befolkningsgrupper i Norge og endringar i finansieringsmodellar for drift av sjukehusa.

Utredningane vil utfordre helsefellesskapet om samhandlingsløysingar og oppgåvefordeling som kan sikre ei samla forsvarleg helseteneste for innbygarane innanfor berekraftsmåla.

Utarbeiding og konkretisering av utviklingsmål og tiltak for komande år vert difor sentralt for at helsefellesskapet skal fungere som arena for å nå lokale, nasjonale og internasjonale mål.

ØKONOMI - RESSURSIINNSATS

Samhandling, nettverksbygging og utvikling av felles plan og tiltak for helsetenestene er nødvendig, men har og sin pris. Avtalt struktur i helsefellesskapet gir føringar for kva verdi partane ynskjer legge inn for å medverke på ulike arenaer gjennom året. Hovudkostnadane knytt til arbeidet i helsefellesskapsstrukturen vert i hovudsak dekkja av partnerane kvar for seg. Deltaking i utvalsstrukturen har gått gjennom ei vesentleg effektivisering ved gjennomføring av møte på teams. Dette har gjort det mogleg med mange samlingar til ein låg kostnad. Nokre møte er likevel mindre eigna til å gjennomføre digitalt, særleg når føresetnadane og vert retta mot relasjonsbygging eller utviklingsarbeid som krev dialog og refleksjon mellom deltakarane.

For å gje eit bilde på noko av ressursinnsatsen i helsefellesskapet viser vi til tabellen under.

Utval	Deltak.	Brukar repr.	Samh. lege	Sekr.	Møter	Tid	Timar
Partnerskapsmøte/ Utvida samarb.møte	20	2	1	2	1	6	150
	60	2	2	2	1	6	408
SSU	8	2	2	2	5	6	420
LSU * 4	12*4	2*4	1*4	2*4	5*4	5	1.700
FSU * 12	8*12	2*12	1*12		4*12	4	2.112
Samarbeidssekreteriat				5	20	2,5	250
Forhandlingsutval-23	8	2	1	2	10	8	1.120
SUM							6.160

Reisetid, førebuing- og etterarbeid kjem i tillegg. Tala er omtrentlege.

Ordninga for statleg finansiert felles sekretariatsfunksjon kom i gang frå 2022. Som ein del av vertskapsrolla som Ålesund kommune skal ha for Felles sekretariatsfunksjon for Helsefellesskap

Møre og Romsdal, vert det fom 01.12.21 ført rekneskap for refusjon til fastlegar og brukarrepresentantar for kommunalt nivå.

Samhandlingslegar/Praksiskonsulentar tilsvarande 1,3 stilling vert delfinansiert mellom helseføretaket og kommunane.

Årsrapport 2023 Helsefellesskap Møre og Romsdal

Signatur

Signatur

Vedlegg:

- Vedlegg 1 Avvik – Uønskte hendingar mellom HMR og kommunane
- Vedlegg 2 Årsmeldingar frå lokale samarbeidsutval
- Vedlegg 3 Årsmeldingar frå faglege samarbeidsutval
- Vedlegg 4 Felles handlingsplan for Helsefellesskap i Møre og Romsdal